



Maria Malmsten er songprdagog og har arbeid med fleire ungdomskor.

**Røysterett for Alle har fremja ein sak som går på rekruttering og fornying av kora i Kvinnherad. Styret og den musikalske leiaren, Maria Malmsten, skriv om bakgrunnen i pressemeldinga og er konkret på ei løysing. Dette er ei sak som gjeld alle kora i Kvinnherad og kva ein kan gjera for å snu ein trend der medlemsalderen er høg. Maria er klar for denne oppgåva. Ho er songpedagog og har lang erfaring frå arbeid med barne- og ungdomskor.**

Song som fag i grunnskulen er teke ut av undervisningsplanen - noko som har uroa mange når det gjeld kva dette kan leia til når det gjeld vedlikehald av songinteressa hjå den oppveksande slekta. Trenden i korlivet på bygdene er stort sett at snittalderen i kora har vorte høgare og høgare med åra. Ein kan frykta at denne trenden vil verta sterkare med mindre vekt på song og songglede i skulen.

Styret i Røysterett for Alle har vorte kontakta direkte og indirekte frå interesserte foreldre med spørsmål om me kunne tenkja oss å få i stand eit ungdomskor/aspirantkor. Me har ikkje ressursar til å driva noko slikt i tillegg til koret me driv. Kan henda ville eit slikt tiltak kunna gje ein kveik der interessa ser ut til å vera dalande. Etter kontakt med to andre kor er dei er samde i at eit slikt initiativ kunne verta positivt for rekruttering blant dei yngre. Kulturskulen er og kontakta om desse tankane.

Signalet derifrå er at dei ser positivt på eit slikt tiltak, og kan leiga ut dirigent. Dersom initiativtakarane har ynskje om ein særskilt dirigent, let dette seg ordna - med atterhald om at den ynskta dirigenten er viljug til å ta på seg jobben.

Det må strekast under at ungdomskoret ikkje er tenkt som eit aspirantkor for Røyserett for Alle, men må sjåast på som eit kor av ungdomar som kan verta eit grunnlag for rekruttering for alle kora iKvinnherad.

Røyserett for Alle kan berre tilby øvingslokale (Helgheim i Uskedalen torsdag ettermiddag – til 18.30) og dirigent Maria Malmsten.



Gabriellas Sång frå filmen Så som i Himmelen, med musikk av Stefan Nilsson vil sikkert vera ein del av repetoaret i eit ungdomskor. Det kan nemnast at Maria Malmsten er tilsett i Kulturskulen, og også ho har vorte kontakta direkte av foreldre med spørsmål om ungdomskor. Ho ser svært positivt på ei slik utfordring. Ungdomskoret må ha eige styre samansett av dei føresette, og det er dei som må leggja opp korleis dei vil ha saker og ting (namn på koret, ambisjonar, vedtekter osv.).

Styret i Røyserett for Alle ynskjer å kunna hjelpa til med de me har av kunnskap om lagsdrift, og er opne for samarbeidsprosjekt og liknande.

**Meir informasjon kan ein få ved å kontakta styret i Røyserett for Alle ved leiar, Lars Henrik Skogtun på mobil 909 78 851.**

Tekst: Svein Rimestad  
Foto: Pressefoto  
Nett: Kristian Bringedal